

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etne

Emne: Måker å reffe folk på

Bygdelag:

Oppskr. av: Tynge Vnje

Gard:

(adresse): Frette

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

med stultorv

1. Når slåttekranene slo ein teig eller ut oppstekt, skulle dei første å fylgjast såleis at dei kom til land på ein gang. Men det hente ikkje så sjelden at somme var sine og ikkje gjorde følge med. Då var det stundom refsa på den måten at dei andre slo framom dei og let dei stå off på ein holme. Det var heile for ei stor skam å verte sett på holme.

Nils Frette hadde ein heng for ca 60 år sidan som var soot feink slåttekran, men Nils sjelv kom ingur ut. Ein dag dei stod med stultorven slo hengen minst Nils og sette han på holme. Men då var Nils så sinna at han ville joga hengen or benesta. Han tokke det var skam at hengen refsa han såleis - og mest enda verre var det at hengen på denne måten kom over på høgre side av "oppstekt". På "husbonds plass", som Nils sa. Men kona til Nils,

2.

Kristi, skjønne kor gale det var å jaga denne flinke drengen og jekte helja Nils frå dette.

Når dei slo med langoro, gikk dei alltid etter kross andre og då var det jamt strid for dei som var slinvarme eller hadde dårly "ljåbit". Men ingen kunne stansa opp og kvita eller bryna utan dei andre gjorde det. Den som ikkje greidde halda fylgje, måtte gå ut or rekka og lata dei andre ta sin plass. Å verta "jaga or skaren" var ei stor skam for ein slattekar.

Likemint var det i skunden. Dei som var for seimes og ikkje greidde gjera like for seg på åkeren, vart sett på holme.

Å verta "skoren på holme" var skamleg.

Slike refsingane vart det gjerne snakka om i lange tider etterpå.